

Magne Hope AS Entreprenørforretning  
Øystein Hope  
Litlåsvegen 197  
5954 MONGSTAD

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 21/8195 - 21/73720

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
04.11.2021

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 106/12 Fanebust

Tiltak: Naust - dispensasjon  
Byggjestad: Gbnr: 106/12  
Tiltakshavar: Vagleik Vabø  
Ansvarleg søkjar: Magne Hope AS Entreprenørforretning

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 23.09.2021.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er uklart kva det er søkt om dispensasjon frå då søkjar skrivar frå gjeldande arealplan. Tiltaka krev dispensasjon frå både arealføremål på land – naust N2, regulert planføremål i sjøen ved oppføring av kai, for oppføring av utfylling i sjøen, muring av kai på areal regulert til småbåthamn. Det må søkjast om dispensasjon frå overskriding av tillatt kai med storleik på 56 m2 med 59 m2 i tillegg.
2. Det manglar erklæringar om ansvarsrett frå utførande for mur, kai, naust, frå prosjekterande og utførande for VA-arbeid som inneberer innlagt vatn og utslepp.
3. Søknaden er sendt som eitt-trinns sak og skal innehalde alle opplysningar, men den manglar vedtak frå Bergen hamn etter hamnelova og det manglar vedtak for utslepp frå Miljø og tilsyn avd. i Alver kommune etter forureiningslova.
4. Det manglar målsatt detalj teikningar på kai, fylling i sjøen og murar.
5. Det skal dokumenterast rett på parkeringsplass P1 og P2 knytte naust.
6. I pkt.1.3 Rekkjefølgjekrav i planen står det følgjande:

### 1.3.3 Tiltak som krev søknad eller løyve jf pbl § 20-1 kan ikkje godkjennast før det ligg føre godkjent rammeplan for vassforsyning, overvatn - og spillvatn system, veg og trafikksikring samt uttak for brannsløkking.

Pkt. 1.3.3 skal dokumenterast.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 20.12.21. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Vigleik Vabø

Fonnebostvegen 293

5955

LINDÅS

### **Mottakarar:**

Magne Hope AS Entreprenørforretning

Litlåsvegen 197

5954

MONGSTAD